

**Siste quiz-runde måtte avlysast**

18.08.2010

**I kveld skulle den sjette og siste quiz-runden ha vore avvikla på Vertshuset, men det møtte berre 2 lag og runden vart difor avlyst.**

**Det er tydeleg at det nærmar seg sesongslutt.**

**Quiz-en har totalt sett vore eit vellukka arrangement.**

Men verten, Morten Nilsen, håpar likevel på eit skikkeleg punktum for sesongen denne veka.

Han har så langt fått påmeldingar frå 50-60 til skaldyraften i morgon kveld.

Og laurdag blir det avslutningsfest med levande musikk.